



«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 05.09.2018
Vår ref.: 2014/24617-45
Saksbehandlar: sigeke
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

Varsel om mogleg tilbaketrekking av godkjenning som opplæringskontor

Fagopplæringskontoret syner til Opplæringskontoret i Austevoll si godkjenning som opplæringskontor, og dei vilkåra som må vere til stades for å kunne vere godkjend. Som følgje av ei rekke tilhøve knytt til verksemda som opplæringskontor, har fagopplæringskontoret funne det nødvendig å vurderer å opne sak om tap av godkjenning.

Rettsleg grunnlag

Det går fram av forskrift til opplæringslova § 11-3: *Lærebedrifta pliktar å gi den informasjon som fylkeskommunen krev for å kunne vurdere om godkjenning skal givast eller vidareførast, for å kunne fastsetje og utbetale tilskott.* I forskrift til opplæringslova § 11-5 står det: *Fylkeskommunen kan dra godkjenninga som lærebedrift attende dersom lærebedrifta ikkje lenger oppfyller krava i opplæringslova eller denne forskrifta.*

Grunngjeving

Årsaka til at fagopplæringskontoret no vil vurdere å opna sak er med bakgrunn i følgjande:

Brev sak 2014/24617-20 av 18.06.18, der fylkeskommunen ba om følgjande etter møte 13.06.2018:

- Det må bli sett inn strakstiltak jamfør forhold som fylkeskommunen la fram i møtet
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan som gir oversyn over dei tiltak som vert sett i gong, prioritering og tidsfristar for gjennomføring
- Dagleg leiar skal ikkje ha direkte kontakt inn mot elevar og lærlingar i tida framover
- Fortløpande informasjon og dialog i forhold som kan ha betydning på fylkeskommunen sitt arbeid
- Fullstendig oversikt over krav ligg i tilhøyrande møtereferat
- Frist vart sett til 25.06.18 og vart utvida til 27.06.18.

Brev sak 2014/24617-26 av 12.07.18, der fylkeskommunen ba om følgjande etter møte 05.07.18:

- Det må bli sett inn strakstiltak jamfør forhold som fylkeskommunen la fram i møtet
- Det må utarbeidast ein tiltaksplan som gir oversyn over dei tiltak som vert sett i gong, prioritering og tidsfristar for gjennomføring
- Dagleg leiar skal ikkje ha direkte kontakt inn mot elevar og lærlingar i tida framover
- Fortløpande informasjon og dialog i forhold som kan ha betydning for fylkeskommunen sitt arbeid
- Fullstendig oversikt over krav ligg i tilhøyrande møtereferat
- Ny frist vart sett til seinast 31.08.18.

Fagopplæringskontoret har per i dag, 05.09.18, ikkje motteke attendemelding frå Opplæringskontoret i Austevoll på ovannemnte. Det er no gått 12 veker sidan opplæringskontoret første gong fekk krav om å setja inn nødvendige tiltak.

Den 20.09.18 gjer fagopplæringskontoret ei endeleg vurdering om å opne sak om tap av godkjenning.

Opplæringskontoret i Austevoll får frist til seinast 19.09.18 med å kome med tilsvar.

Ved opning av sak vil opplæringskontoret få høve uttala seg før saka vert lagt fram for Yrkesopplæringsnemnda.

Det er sendt likelydande brev til opplæringskontoret og styreleiar i opplæringskontoret.

Ragnhild Ravna Skjærvik
leiar

Signe Ekeland
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.